

2026
2030

Museum Vest

Strategisk vegkart



Innhald

Strategiske vegkart

Planar

Organisasjonskart

Presentasjon av musea

Kjerneverdier

Visjon

Fagleg profil

Prioriterte område







Strategisk vegkart legg føringar for Museum Vest sitt arbeid i perioden 2026 – 2030

Slik heng planane saman:



ORGANISASJONSKART


Museum Vest



Fagleiar FORSKNING

Fagleiar FORVALTNING

Fagleiar FORMIDLING



Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene

Museet har ei 150 år lang historie som formidlar av hanseatane si historie i Bergen og er del av verdsarvstaden Bryggen i Bergen. Det Hanseatiske Museum i Finnegården, har vore under restaurering sidan 2018. Dette arbeidet har gjeve mykje ny kunnskap om både Bryggen-gården og livet på Bryggen. Når publikum slepp til våren 2027 vil dei møta moderne utstillingar nøye tilpassa det historiske bygget.





Herdla Museum

Herdla museum er museum for den vesle øya Herdla, ei øy med spesiell natur og spennande historie. Hovudattraksjonen er vraket av det tyske jagarflyet «Gul-16» som i si tid hadde Herdla som base. Elles har museet ansvaret for formidlinga av det freda torpedobatteriet på nordspissen av øya. Museet tek også del i forvaltning og formidling knytt til Herdla naturreservat som er det viktigaste fugleområdet i regionen.





Bergens Sjøfartsmuseum

Bergens Sjøfartsmuseum driv forskning, formidling og innsamling knytt til norsk sjøfart, sett frå Bergen. Tidsperspektivet er vidt og strekkjer seg frå dei eldste tider fram mot vår tid. Sjøfartsmuseet, som har ei meir enn hundre år lang historie, skal vera relevant i samtida. Såleis vil museet ikkje berre visa fram den maritime kulturarven, men også væra ein stad for refleksjon og samtale. Museet har forvaltingsansvar for kulturminne under vatn i Vestland fylke og på Sunnmøre.





Norges Fiskerimuseum


Museet legg til grunn eit heilskapleg perspektiv på dei norske fiskeria og tilstøytane næringar. Hovudfokuset er på overgangen frå fiskarbonden sitt sesongprega kystfiske til heilårs havfiske. I presentasjonen av dagens fiskeri- og havbruksnæring er fokuset på dei ressurs- og miljøutfordringane ein står ovafor. Museet driv visingsenteret «Storeblå» I samarbeid med Lerøy.





Kystmuseet i Øygarden

Museet formidlar kunnskapen om korleis menneska i Øygarden har nytta naturen rundt seg til å skapa eit livsgrunnlag. Det er ei historie som strekkjer seg over 11 000 år der jegeren og fiskaren etter kvart blei erstatta av fiskarbonden og fram mot vår tid av oljearbeidaren og lakserøktaren. Museet sitt samtidsfokus er særleg retta mot energi og berekraft. Elles arbeider museet med handverk knytt til bygningsvern og tradisjonsbåtar. Kystmuseet samarbeider med Blom fiskeoppdrett om formidlinga ved Øygarden visningssenter.





Nordsjøfart- museet

Nordsjøfartsmuseet fortel historia til dei som flykta med båtar over Nordsjøen under krigen og elles om motstandskampen langs kysten. Ingen stad i landet fekk denne trafikken så store konsekvensar som i Telavåg, der bygda vart lagt i ruinar og folket utsett for massiv terror. Museet har også fokus på spørsmål kring krig, fred og demokrati i vår eiga samtid.





Bjørn West Museet

Museet formidlar historia om motstandsgruppaa Bjørn West som opererte i skjul i Masfjordfjella i 1944-45. I månedsskiftet april/mai -1945 kom gruppa i kamp med tyske styrkar. Dette var dei siste kampane som fann stad i Noreg under krigen. Gjennom utstillingar, film og føredrag formidlar museet sentrale tema som bygdefolket sin innsats og forholda ved fangeleiren i Matre. Museet tilbyr også guida turar i Bjørn West sine fotefar.



A faded background image showing several people in a boat, possibly fishing or working on the water. The image is light and serves as a backdrop for the text.


Open

Engasjert

Truverdig

Dei tre kjerneverdiane pregar all aktiviteten vår.

Dei ligg til grunn for kva me forventar av kvarandre, korleis me jobbar og korleis me opptrer. Verdiane er viktige leietrådar både i utøving av samfunnsrolla vår og i arbeidet for ein god organisasjonskultur.

A faded background image of a coastal town with a prominent church spire, likely a Norwegian coastal town, serving as the backdrop for the text.

Vår visjon:

Tett på menneska og livet langs kysten og på havet.

Ved å inspirera til refleksjon om fortida, skal me gjera samtida meir forståeleg og byggja eit sams verdigrunnlag for framtida.

Me samlar inn, tek vare på, forskar på, formidlar og stiller ut historier om livet langs kysten og på havet.

Me er eit synleg og relevant museum som utviklar ny kunnskap. og formidlar denne på ein engasjerande og aktuell måte.

Gjennom samarbeid og fornying styrkjer me arbeidet med formidling. forsking og samlingsforvaltning.



Vår faglege profil:

- ▼ Kysten og havet som økosystem, livsgrunnlag og ferdsleåre
- ▼ Okkupasjon, krig og menneskerettar
- ▼ Handel- og sjøfartsbyen Bergen

Prioriteringar:

Formidling Samlingsforvaltning Forsking Marknad Fellesskap

Prioriteringar på tvers av fleire fagfelt:

- ▼ Sikra ein robust økonomi og nok tilsette til at me kan løysa oppgåvene våre.
- ▼ Streva etter profesjonalitet i alle ledd.
- ▼ All aktivitet skal ta omsyn til klima, miljø og berekraft.
- ▼ Leggja til rette for funksjonelle fagmiljø på tvers av avdelingane.
- ▼ Sørga for at eigenarten til kvar avdeling vert utvikla vidare som ein styrke for heile organisasjonen.
- ▼ Utvikla oss i dialog med samarbeidspartnarar og omgjevnader.

Prioriterte område: **Formidling**

- ▼ Bruka samlingane, forkinga og kunnskapsproduksjonen aktivt i formidlinga.
- ▼ Styrka praksis og kompetanse innan aktivitetsbasert pedagogikk og dramapedagogikk.
- ▼ Sikra den faglege utviklinga vår innan formidlingsfeltet, både nasjonalt og internasjonalt.
- ▼ Vidareutvikla musea som inkluderande møtestadar.
- ▼ Styrka innsatsen retta mot det lokale og regionale publikummet.




Prioriterte område: **Samlingsforvaltning**

- ▼ Sikra høg kvalitet i samlingsarbeidet.
- ▼ Skaffa tilfredsstillande magasin for alle delar av samlingane.
- ▼ Vidareutvikla ein fagleg basert og uavhengig innsamlingspolitikk.
- ▼ Styrkja forsking på og formidling av samlingane.

Prioriterte område: **Forsking**

- ▼ Utvikla forskingskompetansen til nytte for det breiare faglege fellesskapet i museet.
- ▼ Forskarfellesskapet skal bidra til den faglege utviklinga på formidlings- og samlingsfeltet.
- ▼ Forskarar våre skal ta aktivt del i relevante og kritiske faglege fellesskap.
- ▼ Utvikla forskingsprosjekt i lag med andre kunnskapsinstitusjonar.
- ▼ Både forking under arbeid og ferdige resultat skal delast og utviklast i dialog med samarbeidspartnarar og samfunnet elles.



Prioriterte område: **Marknad**

- ▼ Auka eigeninntektene ved å søkja etter nye inntektskjelder og kundegrupper.
- ▼ Gjera museet meir synleg og elles styrka posisjon vår lokalt og internasjonalt.
- ▼ Utvikla ein god strategi for publikumsutvikling.
- ▼ Profesjonalisera all publikumsretta aktivitet og vidareutvikla kommunikasjonen vår retta mot publikum, samarbeidspartnarar og media.

Prioriterte område: **Fellesskap**

- ▼ Me er ein lærande organisasjon prega av trivnad, samhald og samarbeid.
- ▼ Me deler erfaringar og stimulerer til utvikling av kompetanse for å nå måla våre.
- ▼ Alle tek ansvar for å byggja fellesskap og fremja «me-kjensla».
- ▼ Me har ein tydeleg og open personalpolitikk og eit godt partssamarbeid. Dette er med på å gjera Museum Vest til ein trygg og attraktiv arbeidsplass.
- ▼ Me utnyttar mogelegheitene KI og anna digitalisering gjev oss.
- ▼ Me jobbar saman for å sikre langsiktig planlegging knytt til gjennomføring av utstillingar og andre større prosjekt.